

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, Frp og H fram sik t forslag:

"Alternativt punkt 3:

Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompetanse i kommunane gjennom eige prosjekt, med mål om at alle kommunar i Hordaland har starta arbeidet med kulturminneplan innan utgangen av 2016.

I arbeidet med kulturminnevernet skal det leggjast stor vekt på tidleg og god dialog med kommunane, særskilt i fredingssaker."

### Røysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Hellesnes sitt forslag, 1. setning, vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 3.

Hellesnes sitt forslag, 2. setning, vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 4-15 vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet tek "Prioriteringar for kulturminnevernet 2014" til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.
2. Fylkesutvalet oppmodar statlege styresmakter om å kostnadsrekne prioriteringane og knyte desse til auka overføringar til regionalforvaltinga frå statsbudsjettet.
3. Fylkesutvalet vil prioritere å utvikle kulturminnekompetanse i kommunane gjennom eige prosjekt, med mål om at alle kommunar i Hordaland har starta arbeidet med kulturminneplan innan utgangen av 2016.

I arbeidet med kulturminnevernet skal det leggjast stor vekt på tidleg og god dialog med kommunane, særskilt i fredingssaker.

4. Fylkesutvalet vil leggje til rette for at Hordaland fylkeskommune sine utviklingsmidlar for kultur og regional utvikling også er tilgjengelege for arbeid med kulturminne og verdiskaping.
5. Fylkesutvalet ser positivt på at Riksantikvaren vurderer overføring av fleire oppgåver og utvida mynde etter kulturminnelova til fylkeskommunen og ser særleg fartøyvern som eit viktig ansvarsområde.
6. Fylkesutvalet ber om at samarbeidet med Statens naturoppsyn held fram for å betre tilsyn, overvaking og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.
7. Fylkesutvalet støttar vidareføring av arbeidet med å utvikle og styrke kulturminnevernet gjennom partnerskap med kommunar og eigarar.
8. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å leggje fram sak om situasjonen for ikkje-freda kulturminne med vurdering av ordningane for regionale tilskot til vern og vøling.

9. For å fremje forvaltinga av automatisk freda kulturminne ber fylkesutvalet om at bevaringsprogramma BERG og BARK vert innretta for å støtte betre opp under lokalt forankra satsingar på formidling og skjøtsel.
10. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste.
11. Fylkesutvalet ber administrasjonen utvikle rutinar for koordinering av tilstandsregistrering og istandsetjingstiltak og ein plan for rullerande oppdatering av tilstandsregistreringane.
12. Fylkesutvalet ber om at statlege midlar til istandsetting av nasjonale kulturminne vert oppjustert slik at ein kan sikre ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
13. Fylkesutvalet ber om at fredingsarbeidet vert høgt prioritert i 2014.
14. Fylkesutvalet er positiv til at Hordaland fylkeskommune bidreg i arbeidet med Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros.
15. Fylkesutvalet ber om at det vert prioritert å sikre fleire kulturhistoriske bygningar av stor verdi gjennom installasjonar av sprinkelanlegg.